



## Innhold

Om NOKUT	side	2
Glimt frå verksemda	side	3
Organisasjonen og tilsette i NOKUT	side	6
Styret og Klagenemnder	side	7
Rekneskap	side	8
Nøkkeltal	side	9
Tilsette	side	10

## Visjon

**NOKUT skal vere eit anerkjent kvalitetssikringsorgan på høgt, internasjonalt nivå. Organet skal bidra til at samfunnet kan ha tillit til kvaliteten på norsk høgare utdanning, fagskoleutdanning og godkjend utanlandsk utdanning.**

## Om NOKUT

### Dette er oppgåvene til NOKUT:

- ◆ evaluering av system for kvalitetssikring ved universitet og høgskolar
- ◆ akkreditering av universitet og høgskolar
- ◆ akkreditering av studium
- ◆ revidering av akkreditering som allereie er gitt
- ◆ godkjenning av fagskoleutdanning
- ◆ evaluering for å vurdere kvaliteten på høgare utdanning
- ◆ godkjenning av utdanning teken i utlandet
- ◆ informasjon om norsk utdanning til utlandet
- ◆ informasjon om NOKUT sine oppgåver og vedtak

NOKUT skal i arbeidet sitt vere uavhengig av institusjonane og av Kunnskapsdepartementet. Det betyr at NOKUT skal basere arbeidet sitt på lover, forskrifter og fastlagde retningslinjer, og gjere vedtaka sine med grunnlag i desse. Departementet kan ikkje gi pålegg til NOKUT utover det som er heimla i lov eller fastsett i forskrift. Departementet kan heller ikkje gjere om vedtak som NOKUT har gjort om godkjenning eller akkreditering.



Frå direktør:

## Glimt frå verksemda

### NOKUT evaluert av internasjonal komité

Kunnskapsdepartementet bestilte i 2007 ei evaluering av NOKUT. Ein komité på fem internasjonale evalueringsforskarar med professor Lee Harvey i spissen leverte 3. mars 2008 to rapportar: éin om NOKUT og europeiske standardar for kvalitetssikringsorgan, og éin som omhandlar den nasjonale rolla til NOKUT. Evalueringsrapporten blei lagd fram 29. februar 2008. Evalueringskomiteen var positiv til NOKUT og verksemda til NOKUT og konkluderte med at NOKUT klart oppfyller krava i den europeiske standarden for kvalitetssikring av høgare utdanning. Samtidig kom komiteen med fleire konkrete anbefalingar om forbetringar knytte til både NOKUTs virke og det nasjonale systemet for ekstern kvalitetssikring av utdanninga meir generelt.

På overordna nivå var evalueringskomiteen særleg oppteken av to forhold. For det første meinte han at NOKUT i for stor grad har vore oppteken av kontroll og i for liten grad av institusjonell og akademisk utvikling, og komiteen anbefalte at NOKUT tek på seg ei meir utviklingsorientert rolle. For det andre var komiteen oppteken av at NOKUT burde bli meir fleksibel og målretta i bruken av verkemiddel. Komiteen peikte på at lover og forskrifter har sett for strenge grenser for autonomien til NOKUT og gitt NOKUT for lite handlingsrom og fleksibilitet. På den andre sida meinte komiteen at NOKUT heller ikkje har evna å utnytte den fleksibiliteten organet faktisk har hatt.

NOKUT og Kunnskapsdepartementet har arbeidd med å følgje opp evalueringa både i 2008 og 2009. Fleire av dei viktigaste anbefalingane har vore av ein karakter som har kravd justering i NOKUTs mandat gjennom lov og forskrift før dei kan følgjast opp konkret. NOKUT følgjer opp evalueringa og justeringane i lov og forskrift gjennom å utarbeide ein strategi for konsolidering og vidareutvikling av verksemda dei neste fem åra, jf. avsnittet "Viktige utfordringar i 2009".

### Revidert kriteriegrunnlag for andre syklus med evaluering av kvalitetssikringssystem

Evalueringskriteria og opplegg rundt evalueringane av kvalitetssikringssystema ved universitet og høgskolar blei i 2008 justert med tanke på oppstart av andre runde med evalueringar. Justeringane blei gjorde med bakgrunn i anbefalingane som blei gitt i den eksterne evalueringa av NOKUT og NOKUTs egne erfaringar på området. Det nye kriteriegrunnlaget blei vedteke av NOKUT-styret 17. desember 2008 etter ein omfattande ekstern høyringsprosess med mange konstruktive innspel. Institusjonane kan no vente seg meir dialog i prosessen, evalueringar med auka fokus på nytten av systema og tilbod om oppfølgingsseminar. Framleis gjeld at evalueringane skal munne ut i ei tilråding om systemet sett under eitt er tilfredsstillande. Dei sakkunnige komiteane skal òg halde fram med å gi råd til institusjonane om den vidare utviklinga av systema for kvalitetssikring og kvalitetsarbeidet til institusjonane.



### Nye retningslinjer og endra kriterium for godkjenning av fagskoleutdanning

Innanfor fagskoleutdanning blei arbeidet med å utvikle nye retningslinjer og endra kriterium for godkjenning av fagskoleutdanninga starta opp i 2008. NOKUT-styret vedtok dei nye retningslinjene og endra kriterium i januar 2009 etter ein høyringsprosess.

Dei viktigaste forandringane for tilbydarar av fagskoleutdanning er:

- ◆ Det er no krav om godkjent kvalitetssikringssystem.
- ◆ Tilbydarar kan no søkje om fullmakt til sjølve å opprette utdanningstilbod innanfor fagområde som NOKUT har godkjent.

### Evalueringa av ingeniørutdanningane ferdigstilt

I september 2008 la NOKUT fram evalueringa av norsk ingeniørutdanning. Evalueringa blei gjord på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet og har skjedd i tidsrommet 2006–2008.

Den faglege kvaliteten har i alle utdanningar stort sett blitt rekna som god. Det er registrert manglar når det gjeld høvet studentane har til å lære praktiske ferdigheiter under utdanninga, men komiteen foreslo ikkje å innføre obligatorisk praksis innanfor ramma av dei 180 studiepoenga utdanninga gir. I staden foreslo komiteen endå tettare kontakt mellom studentar og relevant næringsliv, mellom anna gjennom prosjektundervisning, mentorsystem og sommarjobbar. Evalueringa peikte òg på at gjennomstrøyminga i ingeniørutdanninga er for låg. Berre 44 prosent av studentane som starta på studia hausten 2003, hadde fått vitnemål per 1. oktober 2006. Det er spesielt dårlege kunnskapar i matematikk som er årsaka til fråfall

eller forseinkingar i studia. Evalueringa peiker vidare på at den forskingsbaserte undervisninga bør styrkjast, og at det bør skapast større fagmiljø. Vidare må institusjonane styrkje den internasjonale verksemda. Både student- og lærarutvekslinga er låg, og måla og strategiane institusjonane har for internasjonalt samarbeid, er mangelfulle.

Evalueringskomiteen meiner at kvaliteten i norsk ingeniørutdanning vanskeleg kan styrkjast utan ei nasjonal samordning av utdanningstilbodet innanfor ulike teknologiområde og ulike regionar. Oppbygginga av forskingsmiljø og masterutdanningar bør òg samordnast.

### Evaluering av førskolelærerutdanninga starta opp i 2008

Arbeidet med å evaluere førskolelærerutdanningane starta hausten 2008. Det er sett ned ei referansegruppe, og ein har kontakta institusjonane, også i form av møte. Evalueringa skal vere avslutta i september 2010.

### Utanlandsk utdanning og falske utdanningsdokument

Den dramatiske auken i omsetning av falske utdanningsdokument på verdsbasis er no synleg også i den norske utdannings- og arbeidsmarknaden. NOKUT sende dei første politimeldingane i 2005 og har jobba systematisk for å få merksemd om problemstillingane både hos politi- og rettsvesenet, norske lærestader, arbeidsmarknaden og internasjonalt, via nettverka våre. Vi ser no tydelege resultat av innsatsen: Færre falske dokument er sende til NOKUT, fleire lærestader bruker NOKUT for å få hjelp til verifisering, og det er oftare reaksjonar på avdekte forhold.

To rettssaker i 2008 er av spesiell interesse. For første gong har ein norsk rettsinstans behandla spørsmål om bruk av dokument frå ein "diploma mill". Slike diplomøller eller bløffuniversitet er ein person eller organisasjon som sel vitnemål, grader eller andre utdanningsdokument som er meinte å gi inntrykk av akademiske prestasjonar, men som representerer minimale eller ingen studium. Den tiltalte blei dømd for å ha gitt falsk forklaring til offentleg myndigheit ved å leggje fram dokumentasjon på ei utdanning som han ikkje hadde teke (straffelova § 166).

Den andre saka er ei melding frå ein privat høgskole (ikkje offentleg myndigheit) der den tiltalte skal ha lagt fram dokument frå ei diplomølle. Aktor la ned påstand om at dokumentet måtte reknast som falskt (straffelova § 182), fordi det var skriva ut av ein person/organisasjon som urettmessig gir seg ut for å ha ein posisjon han/dei ikkje har. Saka er anka til Høgsteretten.

Det har i 2008 blitt avdekt fleire nettsider med utdanningstilbod som gir seg ut for å vere norske lærestader, men som er lokaliserte til utanlandske IP-adresser. NOKUT har fått spørsmål om akkrediteringsstatusen til lærestadene, men òg spørsmål om vitnemål. Det viser at det er ei omsetning av falske vitnemål som misvisande gir seg ut for å vere skrivne ut i det norske utdanningssystemet. Det er kjent at falske vitnemål frå "skandinaviske" lærestader kan ha høgare marknadsvardi i ein del område på grunn av det låge korrupsjonsnivået i denne delen av verda. Ei slik omsetning kan skade omdømmet til norsk høgare utdanning, og NOKUT er uroa over denne utviklinga.

### Internasjonalt samarbeid

Internasjonalt samarbeid om kvalitetssikring av høgare utdanning er viktig for NOKUT, noko som har samanheng med visjonen om å vere eit anerkjent kvalitetssikringsorgan på høgt internasjonalt nivå. NOKUT har avgrensa det internasjonale samarbeidet til nokre arenaer av særleg interesse, men har i tillegg som mål å halde seg orientert om det som går føre seg internasjonalt også utanfor Europa. Konsentrasjon av deltaking gir eit godt grunnlag for sterkare engasjement med større utbytte som resultat. Verksemda femner i hovudtrekk om ulike nordiske og europeiske nettverk, organisasjonar, multilaterale og bilaterale prosjekt. Gjennom foredrag, innlegg og diskusjonar på internasjonale konferansar, seminar og nettverksmøte spreier NOKUT informasjon om norsk høgare utdanning og om det norske systemet for kvalitetsarbeid og kvalitetssikring av høgare utdanning. Den internasjonale verksemda er også avgjerande for at NOKUT skal kunne løyse oppgåvene sine nasjonalt med kvalitet og effektivitet på høgt internasjonalt nivå.

### NOKUT-konferansen

NOKUT-konferansen 2008 blei arrangert på Scandic Hamar 29. og 30. april med over 500 deltakarar. Konferansen prøver å femne breitt, og viktige tema i år var blant anna læringsutbytte og kvalifikasjonsrammeverk.

Dersom du vil ha informasjon og statistikk om den løpande verksemda med evaluering av kvalitetssikringssystem, akkreditering/godkjenning av institusjonar og utdanningstilbod og godkjenning av utanlandsk utdanning, viser vi til nøkkeltal på side 9.

### Viktige utfordringar i 2009

NOKUT har sidan etableringa i 2003 og heilt fram til i dag vore prega av å vere under oppbygging. Den internasjonale evalueringa av NOKUT og oppfølginga av denne markerer ein overgang frå ein etablerings- og oppbyggingsfase til ein konsoliderings- og vidareutviklingsfase.

Den største enkeltoppgåva i 2009 er å følgje opp den internasjonale evalueringa gjennom å utarbeide ein strategi for konsolidering og vidareutvikling av verksemda dei neste fem åra. I samband med det skal vi òg justere organisasjonen. I vidareutviklinga av NOKUT vil vi ha desse fire rettesnorene:

- ◆ Meir vekt på å stimulere kvalitetsutvikling
- ◆ Meir effektivt og målretta tilsyn
- ◆ Tydelegare stemme i samfunnsdebatten
- ◆ Meir dialog med sektor og samfunn

Eit viktig grep framover blir å utvikle ein meir heilskapleg tilsynsmodell med meir samspel mellom ulike verkemiddel. Meir heilskapleg tilnærming vil liggje til grunn både ved organisering av verksemda, i kommunikasjonen med sektoren og i vidareutviklinga av standardane og kriteria vi baserer evalueringane, akkrediteringane og vurderingane på. Det blir òg viktig å sikre nok kapasitet til å behandle søknader om akkreditering av nye utdanningar. Innanfor høgare utdanning vil vi ved årsskiftet 2009/2010 setje i gang ein prosess med å revidere standardar og kriterium for akkreditering med sikte på å forenkle og tydeleggjere det som er viktig for utdanningskvaliteten på dei

forskjellige gradsnivåa. Vi vil seinare òg fornye opplegget rundt søknadsbehandlinga med sikte på blant anna betre rettleiing til søkerane og effektivisering av prosessen.

Arbeidet med å byggje opp ei eining for utgreiing og analyse held fram i 2009. Det primære formålet med aktivitetane på dette området er å få fram kunnskap om utdanningskvalitet og kvalitetsarbeid som institusjonane eller myndighetene kan ha nytte av i utviklingsarbeidet, eller som kan dokumentere effektane av og bidra til å vidareutvikle NOKUTs verkemiddel. Utgreiings- og analyseeininga er eit sentralt grep i å styrkje utviklings- og pådrivarrolla til NOKUT.

På området utanlandsk utdanning vil vi i 2009 etablere eit eige senter for informasjon om godkjenning av utanlandsk utdanning. Senteret skal vere ein inngangsporta til heile det norske systemet for godkjenning og autorisasjon av utanlandsk utdanning og yrkeskvalifikasjonar. Senteret vil gi informasjon om systemet og rettleie og vise brukarane til den rette instansen. Aktiviteten vil særleg rette seg mot enkeltpersonar med utanlandsk utdanning, arbeidsgivarar og hjelpeapparatet (NAV, asylmottak, vaksenopplæring o.l.).

På området utanlandsk utdanning har vi elles ei utfordring i å tilpasse organisasjonen til ein sterkt aukande pågang av søknader og andre spørsmål. Det vil på sikt bety ei justering i ressursinnsats, kapasitet eller servicenivå i enkelte tenester.


## Organisasjonen og tilsette

NOKUT blir leia av eit styre og ein direktør som har det overordna ansvaret for verksemda og dei vedtaka NOKUT gjer.

NOKUT har organisert verksemda i tre seksjonar, med utgangspunkt i dei oppgåvene organet har:

- ◆ **Seksjon for kvalitetssystem** evaluerer kvalitetssystema på universitet og høgskolar ikkje sjeldnare enn kvart sjette år. Seksjonen deltar òg i evaluering av kvaliteten på undervisningstilbodet.
- ◆ **Seksjon for akkreditering** godkjenner og akkrediterer institusjonar og og studium etter søknad. Seksjonen deltek òg i andre typar evaluering.
- ◆ **Seksjon for utanlandsk utdanning** gir generell godkjenning av utanlandsk utdanning. Seksjonen har òg informasjonsoppgåver om norsk høgare utdanning og ansvar for å følgje opp nasjonale plikter om godkjenning av utdanning.

I tillegg kjem stabsfunksjonane med administrasjon, informasjon, utgreiing og analyse og juridiske tenester



## Styret

### Medlemmer:

Professor **Petter Aaslestad**, Trondheim (leiar)

- ◆ oppnemnd fram til 31. desember 2008

Førsteamanuensis **Ragnhild Kvålshaugen**, Oslo

- ◆ oppnemnd fram til 31. desember 2008

Professor **Hanne Foss Hansen**, København

- ◆ oppnemnd fram til 31. desember 2010

Fagsjef **Gunnar Visnes**, Oslo

- ◆ oppnemnd fram til 31. desember 2010

Direktør **Per Arne Syrrist**, Moss

- ◆ oppnemnd fram til 31. desember 2008

Student **Maria Serafia Fjellstad**, Trondheim

- ◆ oppnemnd fram til 31. desember 2008

Professor **Inger Johanne Pettersen**, Bodø

- ◆ oppnemnd fram til 31. desember 2010

Rådgiver **Astrid Børsheim**, NOKUT

- ◆ oppnemnd fram til 31. desember 2008

### Varamedlemmer:

Student **Mikael Strand**, Oslo

- ◆ oppnemnd fram til 31. desember 2008

Professor **Bård Mæland**, Hafslsfjord

- ◆ oppnemnd fram til 31. desember 2010

Forskar **Karl-Erik Brofoss**, Oslo

- ◆ oppnemnd fram til 31. desember 2010

Rådgivar **Wenche Froestad**, NOKUT

- ◆ oppnemnd fram til 31. desember 2008

## Klagenemnder

### Klagenemnda for høgare utdanning

har for perioden 1. januar 2007 til og med 31. desember 2010 følgjande samansetning:

- ◆ Kjell Frønsdal, Gulating lagmannsrett (leiar)
- ◆ Margareth Christophersen, Gulating lagmannsrett (vara for leiar)
- ◆ Knut Ingar Westeren, Høgskolen i Nord-Trøndelag (medlem)
- ◆ Øystein Aspaas, Høgskolen i Tromsø (varamedlem)
- ◆ Ingrid Bergslid Salvesen, Universitetet i Tromsø (medlem)
- ◆ Siri Margrethe Løksa, Universitetet for miljø- og biovitenskap (varamedlem)
- ◆ Heid Leganger-Krogstad, Menighetsfakultet (medlem)
- ◆ Harald Nygaard, Ansgar Teologiske høyskole (varamedlem)
- ◆ Øistein Østtveit Svelle, Studentenes landsforbund (medlem)
- ◆ Sine Halvorsen, Studentenes landsforbund (varamedlem)
- ◆ Jannicke Espeland, Norsk Studentunion (medlem)
- ◆ Benjamin Jonsrud, Norsk Studentunion (varamedlem)

### Klagenemnda for fagskoleutdanning

har for perioden 1. januar 2007 til og med 31. desember 2010 følgjande samansetning:

- ◆ Kjell Frønsdal, Gulating lagmannsrett (leiar)
- ◆ Margareth Christophersen, Gulating lagmannsrett (vara for leiar)
- ◆ Knut Ingar Westeren, Høgskolen i Nord-Trøndelag (medlem)
- ◆ Ingrid Bergslid Salvesen, Universitetet i Tromsø (varamedlem)
- ◆ Knut Erik Beyer-Arnesen, IT-akademiet (medlem)
- ◆ Hanne Grete Mosand, Nærings Akademiet (varamedlem)
- ◆ Astrid Kristin Moen Sund, Utdanningsforbundet (medlem)
- ◆ Aud Larsen, Østfold Fagskole (varamedlem)
- ◆ Eilin Bye Sævik, student, Fagskolen i Gjøvik (medlem)
- ◆ Jannicke Valen, student, Norges Kreative Fagskole (varamedlem)

Klagenemnda for høgare utdanning har hatt tre møte og behandla 55 saker. Ei av sakene blei gjort om.

Klagenemnda for fagskoleutdanning har ikkje hatt noko møte.

### Sekretær

- ◆ Juridisk rådgivar i NOKUT, Eva Liljegen, er sekretær for klagenemndene.

## Rekneskap

NOKUTS tildeling for 2008 var på 45 100 000 kroner, i tillegg til følgende løyvingar:

- ◆ Overføring av ubrukt løyving frå 2007 968.000 kroner.
- ◆ Tildeling til arbeidsgruppe for NAG på 800.000 kroner.
- ◆ Lønnskompensasjon på 920.000 kroner.

I 2008 har NOKUT hatt ei inntektsside på til saman 2 901 000 kroner. Det er ikkje ordinære inntekter, men utgiftsrefusjonar.

NOKUTs driftsutgifter i 2008 var på 46 512 000 kroner. Justert for refusjonar var dei reelle utgiftene 43 611 000 kroner.

I 2008 har den ordinære drifta over kapittel 0281 (post 01) gitt eit mindreforbruk på 4 177 000 kroner. Årsaka til det er hovudsakleg at NOKUT i 2008 fekk tildeling til å setje i gang arbeidet med å følgje opp innstillinga frå Brautasetutvalet. Dette arbeidet kom ikkje i gang i 2008, men vil bli gjort i 2009. I tillegg blei utgiftene til arbeidsgruppa for NAG lågare enn venta.

Tabellen viser utgiftene og inntektene til NOKUT:

Rekneskap (tal i 1000)	2004	2005	2006	2007	2008
Lønnsutgifter	13 279	15 780	18 471	19 095	<b>21 252</b>
Styregodtgjersle	578	478	840	52	<b>870</b>
Utvaldsmedlemmer og lønna konsulentar	2 658	4 452	4 697	5 976	<b>4 689</b>
Sluttvederlag Noregsnettrådet	383	229	134	685	-
Arbeidsgivaravgift	2 316	2 836	3 176	3 438	<b>3 539</b>
<b>SUM lønnsutgifter</b>	<b>19 214</b>	<b>23 775</b>	<b>27 318</b>	<b>29 246</b>	<b>30 350</b>
Teknisk utstyr, inventar o.a.	1 042	723	690	667	<b>701</b>
Kontortenester (edb, forbruksmateriell, trykkjeutgifter o.a.)	3 028	3 696	2 728	2 334	<b>2 720</b>
Reiser, kurs, kompetanseutvikling, representasjon	3 060	5 319	4 486	5 510	<b>4 717</b>
Bøker og fagtidsskrift	290	318	237	201	<b>170</b>
Diverse (konsulentar, seminar, kantine, bedriftshelseteneste)	2 795	2 034	3 228	2 133	<b>2 678</b>
Leige og drift av lokale	4 803	4 589	5 165	4 765	<b>5 176</b>
<b>SUM driftsutgifter</b>	<b>15 018</b>	<b>16 679</b>	<b>16 534</b>	<b>15 610</b>	<b>16 162</b>
Andre inntekter	-	-	-	19	<b>70</b>
Motteken husleige	49	-	-	-	-
Mottekne tilskot	135	189	122	456	<b>652</b>
Mottekne konferanseavgifter	484	602	890	1 037	<b>1 104</b>
Diverse lønnsrefusjonar	572	603	958	753	<b>1 075</b>
<b>SUM tilskot, avgifter og refusjonar</b>	<b>1 240</b>	<b>1 394</b>	<b>1 970</b>	<b>2.265</b>	<b>2 901</b>
<b>Nettoutgift</b>	<b>32 992</b>	<b>39 060</b>	<b>41 882</b>	<b>42 591</b>	<b>43 611</b>



# Nøkkeltal

## 1. Vedtak om kvalitetssikringssystem i 2008

Godkjende	Uderkjende	i alt
9	6	15

## 2. Akkrediteringar og godkjenning etter akkrediteringstype og resultat i 2008

Akkrediteringstype	Godkjende	Avslag	Administrativ vurdering*	I alt
Institusjon	5	-		5
Doktorgradsstudium	-	2		2
Mastergradsstudium	13	1	5	19
Andre studietilbud	8	-	3	11

\* Administrativ vurdering omfattar både godkjenning av endringar i studium som allereie er godkjende, avvisning av søknader og søknader som blir trekte tilbake.

## 3. Revisjon av akkreditering

Avsluttande fase med revidering av sjukepleie, ny vurdering av fagmiljøet, blei slutført i 2008 og resulterte i at alle studia det gjaldt, fekk godkjent fagmiljøa sine. Det innebar at alle sjukepleieutdanningar som har blitt reviderte, har fått fornya akkrediteringsfullmakta.

Arbeidet med å revidere bachelorstudiet ved Den norske ballethøyskolen, fase 2, har gått for seg i heile 2008.

## 4. Evalueringar for å vurdere kvalitet

Evaluering av treårige ingeniøruddanningar etter rammeplan starta i byrjinga av 2007 etter ein planleggingsperiode hausten 2006. Den største delen av informasjonsinnsamlinga skjedde i 2007, med sjølvevalueringar, institusjonsbesøk og brukarundersøkingar. Evalueringa blei avslutta 18. september 2008 med konferanse og overrekking av rapportar.

Arbeidet med å evaluere førskolelærerutdanningane blei starta hausten 2008. Evalueringa skal vere avslutta i september 2010.

## 5. Godkjenning av fagskoleutdanning 2007

Godkjende	Avslag eller avvisning pga. manglande dokumentasjon	i alt
239	153	392

## 6. Vedtak om generell godkjenning av utdanning teken i utlandet i perioden 2003–2008


År	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Nyregistrerte saker	1614	1816	2452	2288	2625	3190
Avslutta saker, målte (gj.snitt/md.)	130	154	204	215	198	249
Restanse maks/min. i løpet av året	431/374	575/386	550/377	451/248	444/228	621/271
Avslutta saker ≤2 md. (%)	28	28	40	53	49	36
Avslutta saker ≤4 mnd. (%)	56	57	74	80	88	77
Saksbehandlingstid (SBT gj.snitt), i md.	4.5	4.4	3.5	2.6	2.5	3.0

# Tilsette

## 1. Tilsette:


Fast tilsette: 55  
Årsverk: 53,6

## 2. Utdanningsnivået til dei tilsette:




■ Høgare utdanning, høgare grad: 76 prosent  
■ Høgare utdanning, lågare grad: 13 prosent  
■ Anna: 11 prosent

## 3. Kjønnsfordeling i NOKUT



■ Kvinner: 56 prosent  
■ Menn: 44 prosent

## 4. Kjønnsfordeling i leiinga:



■ Kvinner: 50 prosent  
■ Menn: 50 prosent

## 5. Lønnsutgifter

Lønnsutgiftene (inkludert arbeidsgivaravgift) utgjorde i 2008 24,3 millionar kroner. Det utgjorde 52 prosent av NOKUTs totale brutto driftsutgifter.

## 6. Sakkunnige

Det blei utbetalt honorar til om lag 300 sakkunnige i 2008. Det blei utbetalt til saman 6 millionar kroner i honorar og arbeidsgivaravgift til sakkunnige dette året. Det er 13 prosent av dei totale brutto driftsutgiftene til NOKUT.